



PÅ BÅTTUR: 99 passasjerar frå ulike sogelag og pensjonistlag var med på turen med Stord1 fredag. Medlemmer frå Kvinnherad sogelag var godt representert. (Foto: Harald Sætre)

Fylte Stord 1 på eit blunk

Stiftinga D/S Stord 1 inviterte med seg soge- og pensjonistlag på ein dagstur på veteranskipet i finvêret fredag. Det blei sett stor pris på.

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

Det var pensjonistlag og sogelag frå Stord, Kvinnherad, Etne og Vindafjord som blei inviterte med på tur med Stord 1 på fredag.

– I vinter snakka vi om ulike måtar å bruka båten, og myldra om korleis vil kunne få med folk på tur. Då kom vi på at vi ville testa interessa ved å invitera soge- og pensjonistlag. Og vi fekk ein kjempeflott respons. Båten blei full, fortel Harald Kvinge, som er dagleg leiar i stiftinga.

Turen starta frå Leirvik om morgonen, tilpassa snøgg-båtane frå Kvinnherad og Skånevik. Frå Leirvik gjekk Stord 1 innom Ølen, Etne og Skånevik.

– Vi fekk ein herleg båttur i eit fantastisk flott vêr med sol og blikkstilte vatn. Det å sjå landskapet frå ein båt gir eit



Til kai i Etne. (Foto: Harald Sætre).



FLOTT NATUR: På veg gjennom Fjelbergsundet. (Foto: Harald Sætre).

heilt anna inntrykk enn om ein ser det frå bilen, så det var mykje fint å sjå på.

99 passasjerar fekk plass om bord. Dei nytte lapskaus, rund-

stykke, vaflar og rørekake, og koste seg i kvarandre sitt selskap både på og under dekk.

– Litt faglege innslag hadde vi òg. Harald Sætre heldt føredrag

FAKTA D/S STORD 1

- Dampskip bygd og levert til HSD i 1913, som ein av dei største båtane som blei sett inn i dei lange rutene.
- Båten vart modernisert og forlenga i 1931, og sett inn i den nyoppretta Sunnhordland snøggrote.
- Kombinert passasjer- og frakteskip. Delt i første- og andrekasse for passasjerane.
- Skadd under eksplosjon i Bergen i 1944, blei etter det bygd om til dieselsbåt.
- Etter krigen gjekk den i Odda-rute, før den blei teke ut av rutetrafikk i 1969. Då blei den seld til Blå Kors i Oslo, som i ti år brukte den som losjiskip for krigsseglarar.
- I 1980 blei båten kjøpt og skulle bli til veteranbåt. Den kom til Vestlandet i 1981. I regi av veteranskipslaget Fjordabåten skulle då båten setjast i stand og tilbakeført til dampskip.
- I 1987 oppstod ein brann i båten, og den blei totalskadd.
- Entusiastane gav ikkje opp, men gjekk på nytt i gang med restaureringsarbeid.
- No er båten i topp stand, konstruert etter teikningar og skildringar frå 1931.

om somme av HSD sine ruter, medan Kjell Magnus Økland i Kystsovekeke snakka om desse samt om arbeidet med boka om Oselvaren, fortel Kvinge.

Noko anna som var populært blant passasjerane, var besøket på brua til kapteinen og styrmannen, og til maskinrommet for å sjå korleis ein dampmaskin fungerer.

– Vi fekk ein så flott respons at vi vil prøva å laga til årlege slike turar med Stord 1. Vi har elles lyst til å få meir aktivitet med båten også i Kvinnherad, så om somme har lyst til å vera med på turar, må dei berre ta kontakt, oppmodar den daglege leiaren.

Kvart år seglar dugnads-mannskap med Stord 1 rundt i Sunnhordland og omegn bortimot 30 dagar i sesongen. Halvparten er opne turar, resten er turar med lag og organisasjonar som leiger båten til blåturar og liknande. Resten av tida ligg båten til kai i Bergen, og kvar tysdag året gjennom er det dugnad om bord.

– Då blir det gjort vedlikehaldsarbeid og slike ting. Vi har 30-40 flittige personar i dugnadsgjengen, så vi er veldig heldige, slår Kvinge fast.